

# Frå einskap til ulikskap? Ei granskning av genustilhøvet ved avleiringar på *-skap* i skandinavisk<sup>1</sup>

Av *Philipp Conzett*

Denne artikkelen tek utgangspunkt i Hans-Olav Engers (2001) oppmoding om at kategorien “genus” i norsk bør granskast grundigare. Etter ei oversikt over sentrale teoriar innanfor genussforskning følgjer ei undersøking av genustilhøvet ved avleiringar på *-skap* i skandinavisk. Desse orda kan vere både maskulinum og nøytrum i dansk, svensk og norsk. Avsnitt 3 gjer greie for opphav av og genustilhøvet ved suffikset *-skap* på grunnlag av tidlegare forsking. Avsnitt 4 gir eit kvalitativt oversyn over avleeingane frå 800 til i dag. Materialet blir analysert i avsnitt 5. Resultata viser at maskulinum opphavleg har vore einerådande, men sidan har tapt terreng i dansk, svensk og bokmål, mens det framleis står ved lag i nynorsk. Tala tyder på at det, etter bortfallet av *-r* ved maskuline ayleeingar, finst ei utvikling frå morfologisk til semantisk genustilordning. Analysedelen prøver å forklare både dei diakrone og komparative tilhøva.

## 1. Innleiing

Eit av hovudformåla med deskriptive så vel som normative grammatiskar har alltid vore å finne fram til regelbundne strukturar i dei ulike språka i verda. Såleis har vi fått ei rekke lingvistiske teoriar om at mennesket har ein mental grammatikk som er bygd opp på ein systematisk måte. Men ikkje alle språklege fenomen er undersøkte like grundig. Ein grammatisk kategori som særleg i norsk og dei andre skandinaviske språka har fått lita merksemrd, er genus eller kjønn ved substantiv.

Siktemålet med denne artikkelen er å gjere greie for genustilhøvet ved avleiringar på *-skap* i skandinavisk (skand.)<sup>2</sup>, med særleg vekt på norsk. I dei moderne skand. språka finn vi substantiv på *-skap* som er maskulinum (m.)<sup>3</sup> og nøytrum (n.). Det er heller uvanleg at ord med eitt og same avleeingssuffiks får tilordna ulikt genus. I bokmål (bm.) finst det rett nok ein del variasjon mellom m. og f. (femininum) t.d. ved substantiv

som sluttar på *-(n)ing*, men vekslinga mellom m. og n. ser ut til å vere eit unntak (jf. NRG:97–100). Spørsmålet blir da om det likevel finst noko forklaring på dette unntaket. Kvifor finn vi denne genusvariasjonen nettopp ved ord på *-skap*? I denne undersøkinga behandlar eg dette spørsmålet frå tre overordna innfallsvinklar. Først skal eg drøfte eit utval av relevant litteratur om emnet. I analysedelen skal eg greie ut korleis genustilhøvet ved substantiv på *-skap* har utvikla seg frå utgangen av urnordisk (urnord.) til moderne skand. Denne diakrone oversikta skal eg deretter bruke til å finne ut kva slags genustilordningsreglar som gjeld for dei einskilde språka i kvar tidsperiode (synkron innfallsvinkel). I tillegg vil òg ei jamføring mellom norsk, svensk og dansk kunne kaste lys over problemstillinga (komparativ innfallsvinkel). Framstillinga tek utgangspunkt i dei skand. skriftspråka og baserer seg såleis berre på skriftleg materiale.

## 2. Teoretisk bakgrunn

### 2.1. Allmenn genusforskning: regelstyrt vs. vilkårleg

Genus blir ofte definert som ein inherent eigenskap ved substantiv. Denne eigenskapen kjem til uttrykk ved dei ulike bøyingsformene av ord som står til substantiv, t.d. adjektiv og determinativ. På dette grunnlaget er det mogleg å dele inn substantiv i grupper. I nynorsk (nyno.) finn vi t.d. tre slike grupper, m., f. og n. Genus ved substantiv definert på denne vanlege måten blir kalla leksikalsk genus, og det er denne definisjonen eg skal halde meg til i denne artikkelen.<sup>4</sup> I tidlegare forsking har det vore brei semje om at leksikalsk genus mest er tilfeldig i dei tilfella der det ikkje er samsvar mellom genus og sexus. Dette synet står framleis ved lag i moderne lærebøker og grammatikkar.<sup>5</sup> Dette er nok ein av grunnane til at det ikkje er blitt fokusert meir på genus i språkforskning, t.d. innanfor nordistikken. Ettersom ein gjekk ut frå at genustilordning ved substantiv er vilkårleg, verka det sjølvsagt meiningslaust å granske fenomenet nærmare. Nyare genusforskning byggjer på det aksiomet at leksikalsk genus er ein del av grammatikken og at genustilordning dermed i stor grad er regelstyrt. Corbett (1991:7) set fram tre argument mot arbitrær genustilordning: (1) Språkbrukarar gjer få eller ingen feil når dei bruker genus i morsmålet sitt. Dersom genuset til kvart enkelt substantiv måtte lærest individuelt, skulle vi vente oss atskilleg fleire feil. (2) Ord som blir lånate frå eit anna språk, får òg genus, noko som tilseier at det finst ein

slags mekanisme som gjer at språkbrukarar tilordnar og ikkje berre hugsar genus. (3) Når vi får presentert eit oppfunne ord, har vi som regel ei klår meinинг om kva genus vi skal gi dette ordet. Desse argumenta tyder på at språkbrukarar ved hjelp av tilordningsreglar er i stand til å slutte seg til genuset til eit ord. Nyare synkron genusteori går derfor ut frå at eit substantiv får tilordna genuset sitt etter semantiske, morfologiske og/eller fonologiske kriterium (jf. Trosterud 2001).

## *2.2. To innfallsvinklar til diakron genusforsking: statisk vs. dynamisk*

Eit statisk syn på genus gir ikkje rom for at eit ord skal kunne skifte genus gjennom tid. Etter dette synet får eit ord genuset sitt som ein “medfødd” eigenskap. Genus blir følgjeleg tradert frå generasjon til generasjon. I lys av synkron genusteori verkar denne oppfatninga urimeleg, og rett nok har språkforskrarar lenge vore merksame på at same ord kan ha ulikt genus til ulike tider. Endringar i genustilhøve ved skand. substantiv er følgjeleg godt dokumenterte (jf. t.d. Cederschiöld 1913 og Beito 1954). Eit dynamisk syn på genus vil seie at genus blir tilordna på nytt, av kvar språkinnlærar. Dei fleste eldre avhandlingane som eg refererer til i denne artikkelen, gir uttrykk for eit konservativt dynamisk syn på genus: Grunnregelen er at genus er ein fast eigenskap ved substantiv som ikkje endrar seg med mindre det er særskilde grunnar for det. Eit radikalt dynamisk syn på genus inneber at kvar generasjon har sin eigen grammatikk som m.a. inneheld eigne reglar for genustilordning. Slik kan t.d. eit ord få tilordna ulikt genus i to ulike generasjoner (jf. Trosterud 2001:50f.). Denne teorien gjer det òg mogleg å forklare genusskifte som ein heilt naturleg prosess på line med andre språklege endringar. Begge dei to dynamiske syna tek utgangspunkt i diakrone endringar som skjer i språket og som innverkar på genussystemet. For drøftinga av genustilhøve ved skand. substantiv er det først og fremst fire faktorar som peiker seg ut.

(1) Formverk: Alt frå ca. 1100 byrjar oppløysinga av det gamle bøyningssystemet i alle dei skand. språka. I nominativ (N) singularis (sg.) fell -*r*-endinga meir og meir bort (Skard 1973:96; Cederschiöld 1913:96; Skautrup 1944:266). I genitiv (G) sg. trengjer -*s*-endinga unna dei opphavlege -*ar*-formene i maskuline *i*- og *u*-stammer (Skard 1973:97; Wessén 1951:97; Skautrup 1944:268). I sg. mistar dativ (D) ofte endinga si i gammelnorsk (gno.) og gammalsvensk (gsv.) (Skard 1973:97; Pettersson 1996:150); i gammaldansk (gda.) er dativendinga heilt borte

(Skautrup 1944:267). Bøyingsendingane har aldri danna noko klårt skilje mellom substantiv av ulikt genus i skandinavisk, og gjennom reduksjonen av formverket mistar både substantiv og til dels adjektiv i enda større grad dei karakteristiske genusmarkørane sine i fleire kasus, først og fremst i sg. Etter Cederschiöld (1913:96f.) er dette ei av hovudårsakene til at fleire ord får vaklante genus og/eller går heilt over til eit anna genus. Steinmetz (2001) argumenterer jamvel for at bortfallet av *-r* i maskuline substantiv har ført til ei omkalfatring av heile genustilordningssystemet i vestgermansk ("The Great Gender Shift"). Han set opp eit genushierarki for urgermansk med n. som defaultgenus: n. >> m. >> f. (Steinmetz 2001:213f.). Det vil seie at eit ord er n. med mindre det finst spesielle grunnar for at det ikkje skal vere det. Ein slik grunn er endinga *\*-z*, som markerer maskuline substantiv, og som seinare går over til *-R*. I vestgermansk har denne endinga falle bort før vi får dei første belegga på at språkgruppa har skilt seg ut som eiga germansk språkgrein rundt 300 e.Kr. (Steinmetz 2001:214f.). I nordgermansk overlever *-R* derimot som genusmerke. I jamføring får vi altså følgjande former for vestgermansk og nordgermansk: gammalengelsk (*geng.*) *giest* vs. norrønt (*norr.*) *gestr* (Haugen 1984:141f.). Etter at *-R* har falle bort, kan ord som *giest* i geng. ikkje bli m. etter den gamle tilordningsregelen *-R = m*. Derfor gjennomgår etter Steinmetz (2001:214f.) tidleg vestgermansk ei grunnleggjande omstrukturering: Sjølv genushierarkiet blir snudd opp ned, og vi får m. >> f. >> n., der m. er det umarkerte genuset. Det er likevel ikkje slik at alle tidlegare n. har gått over til m. Steinmetz (2001) presenterer ei rekke tilordningsreglar som overstyrer grunnregelen, og som grunngir kvifor eit ord skal vere n. (eller f.) og ikkje m. Denne hypotesen er òg relevant for genustilhøve i nordgermansk fordi den tilseier at eit liknande hierarkiskifte har gått føre seg i gno., gsv. og gda., medan øynordisk framleis har bevart *-r*. Steinmetz reknar med at mange substantiv i skand. har gått over frå n. til m. nettopp pga. at *-r* har falle bort.

(2) Tyding: Beito (1954:4) hevdar at "[d]ei drivande kreftene ved genusskifte er assosiasjonar mellom ord av ulikt kjønn." Desse assosiasjonane er knytte til form og/eller tyding. Eit ord skiftar genus i analogi med eit assosiert ord med ulikt genus. Ord med skyld tyding opptrer etter Cederschiöld (1913:94f.) ofte i grupper med same genus. Dersom no eit ord som etter tyding høyrer til ei slik gruppe, har eit anna genus, er det sannsynleg at dette avvikande ordet sluttar seg til same genus som resten av gruppa. Eit liknande syn finn vi òg i nyare genussforsking. Steinmetz

(2001) bruker fleire semantiske tilordningsreglar i hypotesen sin. Han deler orda inn i semantiske felt ("semantic clusters"). Ord som er gruppete i desse felta, får ofte genuset sitt i analogi med det mest prominente ordet og/eller eit overordna omgrep (jf. Steinmetz 2001:219f.). Når det gjeld sambandet mellom form og tyding frå eit diakront perspektiv, peiker Corbett (1991:102) på at det t.d. i fleire germanske språk har oppstått semantiske tilordningsreglar, samstundes som morfologiske genusmarkørar har blitt reduserte.

(3) Ordfrekvens: Eit ord med høg frekvens har vanskelegare for å skifte genus enn eit ord som blir sjeldan brukt. Det same gjeld for ord som høyrer til respektive vanlege og sjeldne bøyingsklasser (Cederschiöld 1913:95). Hypotesen til Steinmetz (2001) kan òg tolkast i same lei. Eit lågfrekvent ord har lettare for å gå over til defaultgenus.

(4) Lånord: Det har vore ei allmenn oppfatning i skand. språkforsking at genustilhørsle kan lånast, dvs. at eit ord kan få same genus i låntakarspråket som det har i långivarspråket. Cederschiöld (1913:103–08) skil mellom lånord som er blitt formidla gjennom dei lærde, og slike som er oppstått gjennom språkkontakt blant vanlege folk. Dei førstnemnde orda er ofte lånte frå latin eller gresk, og ved desse orda har dei lærde medvete halde det opphavlege genuset ved lag. Til den andre gruppa reknar Cederschiöld framfor alt (mellom)lågtyske lånord. Han tvilar på at språkbrukarane har hatt noka reflektert haldning til genuset ved desse lånorda. Same syn finn vi hos Beito (1954:115) og i mindre grad i NRG (158). Moderne genusteoriar argumenterer for at lånord ikkje utgjer nokon særskild kategori m.o.t. genustilordning. I utgangspunktet blir genuset til eit lånord bestemt av same faktorar som ved eit heimleg ord (Corbett 1991:81). Også ei granskning av genustilhøvet ved lånord i geng. tyder på at lånord får tildelt genus etter same kriterium som arveord (Wetna 1980). I einstaka tilfelle der lånorda pga. si opphavlege form passar därleg inn i låntakarspråket, hender det at genuset vaklar ei viss tid (Corbett 1991:75).

### **3. Suffixset -skap**

#### *3.1. Etymologi*

Suffixset -skap er germansk (germ.) og kan førast tilbake til to opphavlege former: germ. *\*skäfti-* og germ. *\*-skapi-*. Etter EWD (1489) var ord med opphav i den førstnemnde rotstavinga sjølvstendige leksem med tydinga

‘skapnad’. Enda i gammalhøgtysk (ghty.) blei ordet brukt i samanettingar (Schmidt 1996:75), men det mista seinare den sjølvstendige leksikalske tydinga si og fungerte som suffiks. Ord som går tilbake til germ. *\*-skapi-* er berre belagde som avleiringar, m.a. som i-stammer i norr. *-skapr* m., i gammalsaksisk *-skepi*, *-skipi* m./n., og i gammalfrisisk *-skipi*, *-skipe*, *-skip*, f./n. (Meineke 1991:34f.). Både germ. *\*skafти-* og germ. *\*-skapi-* er verbalabstrakt til germ. *\*skap(j)an* (‘danne, forme, skape’) (jf. Wilmanns 1930:389). I diskusjonen om dei skand. avleingane på *-skap* blir det lagt stor vekt på påverknaden frå andre germanske språk. Det gjeld først og fremst länord frå mellomlågtysk (mlty.), men etter mitt skjønn kan også ghty. og mellomhøgtysk (mhty.) ha spelt ei rolle. Vi kan rekne med språkkontakt allereie i vikingtida, og særleg i samband med innføringa av kristendommen. Derfor skal eg her gi ei kort oversikt over ord med opphav i germ. *\*-skafти-* og germ. *\*-skapi-*, i ghty., mhty. og mlty. Eg listar berre opp dei usamansette orda som òg finst i skand.

Oversikt 1: *Ord på -scaf(t) i ghty. (800–1050)* (etter Meineke 1991:110f.)

-i-stammer, f. (m.): botescaf(t), bruoderschaf(t), purgiscaf, eignascaft, faterschaft, fiantsaf(t), formuntscaf, friuntscaf(t), grā(f)scaf(t), heriscaf(t), hērsaf(t), chunnescraft, lantscaf(t), gimeinscaf, meistershaft, gisellascaf(t), winiscaf(t), wirtschaft  
 -ti-abstrakt, f.: eignascaft

Oversikt 2: *Ord på -schaft i mhty. (1050–1350)* (etter Meineke 1991:183–190 og Lexer 1970)

f.: blīdeschaft, boteschaft, būrschaft, ehtschaft?, eigenschaft, einschaft, vaterschaft?, vientschaft, vormuntschaft, vriuntschaft, gīselschaft, grāveschaft, heidenschaft, herschaft, hērschaft, kenneschaft?, koufmanschaft, koufschaft, kuntschaft, lantschaft, lípeigenschaft, mâcschaft, manschaft, matschaft, meisterschaft, nāchbūrschaft, priesterschaft, rechenschaft?, bereitschaft, ritterschaft?, selleschaft, geselleschaft, swāgerschaft, swesterskap, trunkenschaft, wertschaft, wineschaft, wirtschaft

Oversikt 3: *Ord på -schap/-schop i mlty. (1200–1800)* (etter Olson 1916:528–530 og MNW)

f.: broderschap; bûrschap, -schop; drunkenschap; vangen-, vengenschop; vormunde(r)schap; vruntschap (-schap, -schup); herschap; kopenschup; kun(t)-, kon(t)schap; lantschap; mage-, mâch-, mâschop; manschap (-schop); mâtschap, maschap; rekenschop; ridderschap; selle-, sel-, seltschap; suster-schap; witschap, wischap; echteschap

f., n.: wert-, wer-, (war-)schap, rede-, reit-, rêt-, reschap

Det er vanskeleg å avgjere om skand. har lånt nokre av desse orda eller danna eigne avleiringar etter same mønster, eller om det er snakk om parallelle ordlagningar (sjå nedanfor).

### 3.2. Suffikset -skap i skandinavisk

Suffikset finst i alle skand. språk. Brøndum-Nielsen (1966:277–279) oppsummerer det mest utbreidde synet på korleis suffikset har oppstått og utvikla seg i skand. Han set opp tre grupper: (1) Gamle nordiske avleiningar: t.d. norr. *blótskapr* m. ‘avgudsdyrkning’, gda. *hæskap* ‘buskap’. (2) Mlty. länord: t.d. *ridderskap*, *sæl(la)skap*, *drukkinskaps*. (3) Heimlege nylagningar: t.d. *diæfvlskap*, *ondskap*. Når det gjeld genustilhøvet ved orda på *-skap*, dvs. kvifor nokre ord er m. medan andre er n., er det blitt sett fram fleire forklaringar. Nokre av dei har tilknyting til teoriane og hypotesane som eg presenterte i kapittel 2, og eg skal i det følgjande kort gjere greie for dei.

(1) Morfologi: Etter reduksjonen av bøyingsendingane har sterke maskuline i-stammer og sterke n. formelt falle saman i sg. Dei vanlegaste formene i gno., gda. og gsv. er: N *-skap*, G *-skaps*, D *-skap*, A *-skap*. For Cederschiöld (1913:44) er dette ei av årsakene til at nokre *-skap*-ord har gått over frå m. til n. I dei nemnde språka finn vi òg det sjølvstendige leksemnet *skap* n., som ein kunne tenkje seg har vore med på å skifte genus ved avleiningane på *-skap*. Denne forklaringa har ikkje fått medhald. Etter Cederschiöld (1913:44) er ordet *skap* “[...] visserlig urspr. samma ord som suffixet, men det är i fsv. endast känt i betydelsen penis och förekommer icke som senare sammansättningsled [...]” Dette gjeld ikkje for norr., der ordet m.a. tyder ‘skap, form, lag; tilstand, måte, vis; sinnelag, hug, sinn, lynde’ og berre i pl. har tydinga ‘avleiem’ (NO:373). Ordet er dessutan belagt i to avleiningar med prefiks: *ofskap* n. ‘ov(er)mod’ (NO:322) og *úskap* ‘vrang el. urett framgangsmåte; vondt sinnelag, vondskap; ulagnad; trollskap; styggedom, usømd’ (NO:473). Her skil seg *-skap* og *skap* ikkje så mykje i tyding. Orda *skap* og *uskap* finst framleis i norsk.

Ein annan måte å sjå genusvariasjonen på er å dele inn orda etter ordklassa til avleingsbasen. Vi får da tre hovudgrupper: substantiv, adjektiv og verb. I dansk er ord på *-skap* med substantiv som avleatingsbase oftast n. Ord med adjektiv + *-skap* er som regel m. (felleskøn),

medan det blant *-skap*-avleiringane til verb finst både m. og n. (ODS:99–101). Det er òg vanleg å kombinere morfologiske og semantiske inndelingskriterium (sjå (2) nedanfor).

(2) Semantikk: Nokre forskrarar har òg prøvd å forklare genustilhøvet ved orda på *-skap* ved tydingsskilnader. Det er vanleg å trekke eit skilje mellom ord med abstrakt og ord med konkret, kollektiv tyding. Beito (1954:63) hevdar at i nyno. er abstrakte ord på *-skap* som regel m., medan ord som uttrykkjer noko konkret eller kollektivt, er n. Innhaldet til ordet heng ofte saman med forma til avleiingsbasen. I svensk dannar suffikset *-skap* substantiv av to ulike kategoriar: Nokre ord som har substantiv, adjektiv eller verb som avleiingsbase, er m. (utrum), medan nøytrale ord som er avleidde av substantiv, i hovudsak står for “relationer av olika slag” (Thorell 1981:113). Ei liknande inndeling for norsk finn vi i NRG (106f.). I nokre få tilfelle kan også verb tene som avleiingsbase.

Som eg nemnde under punkt (2) i kapittel 2.2, er ord gjerne grupperte i semantiske felt. Ofte tyder fleire ord omtrent det same, eller dei står for ulike variantar av ei sak eller eit fenomen. Vi kan òg tenkje oss at ord som er semantisk skyldne, har lettare for å påverke kvarandre. Overgangen frå m. til n. hos nokre ord på *-skap* blir derfor gjerne forklart ved påverknad frå eit synonymt eller nærskyldt ord. Cederschiöld (1913:45–50) gir fleire døme på slike overgangar i gsv.: *landskap* n. er påverka av det synonyme *land*, n; *buþskap* n. har fått genuset sitt frå *buþ* n.; *maghskap* blir n. i analogi med dei nærskyldne orda *släkte* n. og *kyn* n. osb. Dette synet blir støtta av Brøndum-Nielsen (1966:278f.), som illustrerer liknande overgangar i gda.

(3) Frekvens: Cederschiöld (1913:44) peiker på at nokre av dei heimlege *-skap*-orda i gsv. er svært sjeldne, og at det derfor er forståeleg at språkbrukarane ofte var usikre på kva genus ordet hadde, når dei t.d. skulle bøyte eit nytt lånord frå mlty.

(4) Lånord: Dei fleste forskarane er samde om at skand. har lånt ei rekke ord på *-skap* frå mlty. Ettersom suffikset allereie var produktivt før mlty. tid, er det ofte vanskeleg å skilje mellom direkte lån og heimlege ordlaginger etter mlty. mønster. Dette gjeld særleg når avleiingsbasen er eit arveord. Blant lånorda finst det mange med kollektiv og konkret tyding som i skand. som regel blir n., og Beito (1954:64) konkluderer med at “[s]kiftet mellom neutralt og maskulint genus i nynorsk er då her ei avspegling av brytinga mellom det framande og det heimlege”. Tanken om at genusskifte frå m. til n. har opphavet sitt i genuset til dei mlty.

orda, blir forkasta av dei fleste forskarane. Som det går fram av oversikt 3 ovanfor, er dei mlt. orda på *-skap* alle f., med unntak av to ord som er både f. og n. Dette er eit sterkt argument mot at genuset til desse orda er lånt frå mlt. Cederschiöld (1913:43) er prinsipielt skeptisk i spørsmålet om i kva mon det opphavlege genuset i mlt. lån har påverka dei gsv. orda på *-skap*. Han meiner at det er heilt naturleg at lánord og nylaginger på *-skap* i byrjinga vaklar m.o.t. genus (l.c.).

#### **4. Genustilhøvet ved substantiv på *-skap* i skandinavisk**

##### *4.1. Metode og materiale*

Mange har gjort greie for genustilhøvet ved ord på *-skap* i skandinavisk. Det finst mange forklaringar på kvifor nokre av orda er m. medan andre er n. (sjå kapittel 3.2. ovanfor). Cederschiöld (1913:41–55) set fram hypotesar om kvifor genusskifte har råka eit utval substantiv på *-skap* i gsv. Han får støtte frå Brøndum-Nielsen (1966:278), som gir nokre døme frå gda. Beito (1954:70) reknar med at vi i norsk skulle “[...] ha om lag dei same vilkår for overgang til inkjekjønn som i sv. og dsk.”. Han meiner derimot at det nøytrale genuset i dansk og svensk har hatt ei sterkeare stode enn i norsk (l.c.). Konklusjonen hans er at “[f]ramvoksteren av nyn. inkjekjønn kunne derfor liggja nær å sjå i samanheng med den sterke påverknaden frå austnordisk, særleg frå dsk. [...]” (l.c.). Men han seier òg at vi her må ta etterhald fordi det er forska for lite på orda på *-skap* i mellomnorsk (mno.) (l.c.). I det følgjande skal eg gi ei diakron og komparativ oversikt over utviklinga av genustilhøvet ved ord på *-skap* i skandinavisk. Eg skal legge særskild vekt på situasjonen i mno. Formålet med oversikta er å få eit meir heilskapleg bilet. Kan vi beskrive overgangen og vaklinga mellom dei to genusa frå ein overordna synsvinkel? Spesielt tenkjer eg her på dei moderne genusteoriane, t.d. Corbett (1991) og hypotesen til Steinmetz (2001).

Som materiale har eg framfor alt nytta ordbøker over dei ulike språka.<sup>7</sup> For gsv. står eg meg til Olson (1916:528–530) og Söderwall (1884–1918), men eg har òg undersøkt gsv. primærkjelder som ligg i Källtext-korpuset. For gda. har kjeldene ikkje vore like omfattande. Når det gjeld genuset til ord på *-skap*, er opplysningane i Kalkar (1881–1918) ofte ufullstendige og Skautrup (1944–68) har ikkje genustilvisingar i det heile. Dei eldre språkperiodane er derfor baserte på gsv., gno. og mno. Dei gno. orda på *-skap* er henta frå Fritzner (1973). For den mno. peri-

oden har eg granska brev frå mellomalderen som er samla i Diplomatarium Norvegicum (DN). Her har eg nytta den elektroniske utgåva til dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo. Versjonen inneholder bind I-XXI med om lag 18000 brev frå perioden 1050 til 1590. Eg har søkt på mange ulike ordformer av suffikset *-skap*, og eg trur eg har fått med alle belegg. I nokre brev har det vore vanskeleg å avgjere om språket skal reknast som mno. Det gjeld særleg dei yngre breva. I utgangspunktet har eg teke med alle brev som har både norsk avsender og mottakar. For registrering av bruken av ord på *-skap* i nyare tid har eg nytta Oslo-korpuset av tagga norske tekstar.

#### *4.2. Diakron oversikt*

Ettersom det i norsk og svensk finst ulike språkhistoriske periodeinndelinger, har eg valt å bruke desse meir romslege periodane: I: 800 til 1300, II: 1300 til 1600 og III: 1600 til i dag. Vi får da i store trekk følgjande fordeling: I: gno., II: gsv. (, gda.) og mno., III: moderne skand. (norsk, dansk, svensk). Både bm. ogyno. er tekne omsyn til. Periodeoversikta nedanfor omfattar alle orda på *-skap* i dei ulike kjeldene. Talet for kvart genus er oppgitt i parentes.

#### I: Periode frå 800 til 1300

Oversikt 4: *Ord på -skap i gno.* (etter Fritzner 1973)

m.(#76): argskapr, auvirðskapr, blíðskapr, blótskapr, boðskapr, bólskapr, bónadskapr, byrgisskapr, dáraskapr, dáruskapr, drambskapr, drengskapr, drykkjuskapr, fárskapr, félagskapr, fiskiskapr, fjándskapr, fláttskapr, foraðskapr, fordæðuskapr, fordæsskapr, formannskapr, fýluskapr, galaskapr, garpskapr, greiðskapr, grellskapr, greyskapr, herskapr, hetjuskapr, hjúnskapr, hjúskapr, höfðingjaskapr, höfðingskapr, kaupskapr, kennimannsskapr, klókskapr, klaekisskapr, kompánaskapr, kuklaraskapr, kveðskapr, kyndugskapr, landskapr, landsskapr, leikaraskapr, mangaraskapr, mannskapr, nîatingskapr, nîðskapr, nœringsskapr, penturskapr, prestskapr, ragskapr, ránskapr, reiðskapr, reikningskapr, reyfaraskapr, ribbaldaskapr, riddaraskapr, selskapr, sifskapr, skáldskapr, skelmiskapr, skörungsskapr, slenskapr, snápskapr, súrskapr, þegnskapr, þjófskapr, þorparaskapr, trollskapr, trúskapr, vándskapr, veiðiskapr, veiðskapr, velskapr, víkingskapr, vinskapr, völdugskapr, yfirdepsskapr

## II: Periode frå 1300 til 1600

Oversikt 5: *Ord på -skap i gsv.* (etter Olson 1916:528–530, Söderwall 1884–1918 og Källtext)

- m.(#41): bliþskaper, boskaper, darskap, drapskaper?, drængskaper, drukkinskaper, fanginskaper, fiandskaper, forkrupinskaper?, fryndskap(er), galinskaper, giolskaper, gladhskaper, gælskaper, hedhinskaper, hæskaper, klokskaper, kokelskaper?, kunskaper, køpinskaper, køpmanskaper, køpskaper, lekisschepr (fgutn), manskaper?, matskaper?, nidhskaper, ondskaper, rutinskaper, rækinskaper, rækningskaper, sifskaper, skyldskaper, syndskaper, systorskaper, thiufskaper, troskaper, utanskaper, valdskaper, vanskaper, vedheskaper, vinskaper, vitskaper
- n(#15): burskap, fulskap, fælaghskap, hærskap, hionalaghskap?, hopaskap?, kompan(a)skap, landskap, mæstaraskap?, rövanskap, sællaskap, sælkap, skiparaskap, vær?skap, værþskap, æktaskap
- m./n.(#11): brodhorskap(er), buþskap(er), diævulskap(er), fordhandskap(er), formyndarskaper, hulskap(er)?, hærskap(er), maghskap(er), reþskap(er), riddaraskap, rotaskaper?

Oversikt 6: *Ord på -skap i mno.* (etter DN)

- m.(#18): bodskap(r), boolskap, buskap, daraskap(r), fianðzskap, formannzskapp, greidskapp, hulscap, kaupningh skap, kaupskap, kundskab, køpmantzskap, niðin(g)skap, nøringskaper, røfvaraskaf, sifskape, troskap, von(d)skap
- n(#6): brødherskab, druckenkskab, frendskaff, herskap, naboskaff, riddærskap
- m./n.(#7): reidhskap, reikninghskap, selskap, skylskap, vinskap, wedeskap, witskapp

## III: Periode frå 1600 til i dag

Oversikt 7: *Ord på -skap i dansk* (etter RO)

- m.(#19): arrigskab, bullenskab, dovenskab, drukkenskab, dårskab, egenskab, fuldkab, galskab, huldkab, klogskab, kundskab, kælenskab, lidenskab, morskab, ondskab, råddenskab, troskab, videnskab, vildskab
- n(#63): adelskab, bekendtskab, beredskab, borgerskab, broderskab, budskab, efterladenskab, ejerskab, fadderskab, faderskab, familieskab, fangenskab, fjendskab, forfatterskab, formandskab, formynderskab, forældreskab, fostbroderskab, fællesskab, følgeskab, førerskab, gesandtskab, grevskab, herskab, interesserentskab, jalousiskab, kammeratskab, kendskab, kommandantskab, kompagniskab, købmandskab, landmandskab, landskab, landsmandskab, lederskab, livegenskab, makkerskab, mandskab, medarbejdskab, medlemskab, mesterskab, moderskab, naboskab, partnerskab, præsidentskab, præsteskab, redskab, regentskab, regnskab, repræsentantskab, ridderskab, selskab, slægtskab, sponsorskab, svangerskab, svogerskab, sømandskab, søsterskab, tjenerskab, ukendskab, venskab, værtskab,

ægteskab  
m./n.(#:2): djævelskab, hedenskab

#### Oversikt 8: *Ord på -skap i svensk* (etter SOB)

m.(#:21): bekantskap, beredskap, boskap, byggenskap, dryckenskap, därskap, egenskap, fiendskap, frändskap, fångenskap, galenskap, gemenskap, kunskap, kvarlåtenskap, köpenskap, livegenskap, räkenskap, valförvantskap, vetenskap, vetskaps, vänskap

n(#:43): adelskap, borgerskap, broderskap, brödraskap, budskap, burskap, chef-skap, faderskap, fanskap, främlingskap, författarskap, förmynderskap, förvaltarskap, föräldraskap, godemanskap, grannskap, grevskap, havandeskap, herrskap, huvudmannaskap, jäkelskap, jävelskap, kamratskap, konstnärskap, landskap, ledarskap, manskap, medlemskap, moderskap, mäster-skap, partnerskap, prästerskap, redskap, ridderskap, sjömanskap, svågerskap, syskonskap, sisterskap, sällskap, ungherrskap, utanförskap, värdschap, äkten-skap

m./n.(#:2): djävulskap, släktskap

#### Oversikt 9: *Ord på -skap i bm.* (etter BOB)

m.(#:31): arrigskap, bannskap, buskap, børneskap, djervskap, dovenskap, druk-kenskap, därskap, edruskap, egenskap, endskap, galenskap, heilskap, klok-skap, kunniskap, latskap, lidenskap, likskap, morskap, mågskap, ondskap, råskap, råttenskap, skaldskap, snobbeskap, toskeskap, troskap, vettugskap, villskap, vitenskap, vondskap

n(#:42): banemannskap, bekjentskap, borgerskap, budskap, eierskap, ekteskap, entreprenørskap, fadderskap, fangenskap, fellesskap, forfatterskap, formann-skap, formynderskap, forstanderskap, gesandtskap, grevskap, herskap, inter-essentskap, kameratskap, kjøpmannskap, kommandantskap, kompaniskap, landskap, lederskap, livegenskap, losoldermannskap, mannskap, medlemskap, mesterskap, moderskap, morskap, naboskap, partnerskap, president-skap, presteskap, regentskap, regnskap, representantskap, samboerskap, selskap, svangerskap, tjenerskap, vertskap

m./n.(#:20): adelskap, beredskap, brorskap, djevelskap, faenskap, fandenskap, farskap, fiendskap, granneskap, hedenskap, hjonskap, jävelskap, kjennskap, redskap, skyldskap, slektskap, trollskap, tulleskap, tusseskap, vennskap

#### Oversikt 10: *Ord på -skap i nyno.* (etter NOB)

m.(#:212): amatørskap, apeskap, argskap, audmjukskap, audskap, bannskap, beredskap, blautskap, bleikskap, blidskap, blindskap, blotskap, blygskap, bodskap, buskap, byrgskap, børneskap, bøvelskap, djervskap, djevelskap, donskap, dovenskap, drukkenskap, dumskap, därskap, edruskap, eigarskap, eigenskap, einsidigskap, einskap, elegskap, endskap, evigskap, faenskap,

fandenskap, fanteskap, farisearskap, farkeskap, feigskap, felagskap, fiendskap, filleskap, finskap, fordingskap, forfattarskap, forfengeleagskap, formyndarskap, fornemskap, forvitenskap, framandskap, frekkskap, fremmendskap, frendskap, frimurarskap, fritenkjarskap, fromskap, fullkommen-skap, fullskap, fulskap, fylgjeskap, fåfengeleagskap, førarskap, galenskap, galningskap, gapeskap, gildskap, gjerrigskap, gjerugskap, gjævskap, glad-værskap, gledskap, gløggskap, godskap, godtruenskap, greiskap, greneskap, grettenskap, griseskap, grovskap, grådigskap, gudelegskap, gudlegskap, halvskap, heidenskap, heidningskap, heilagskap, heilskap, heimfodingskap, hjonskap, hollskap, hovdingskap, hovenskap, husbondskap, hyklarskap, hævskap, høvdingskap, idigskap, illskap, jamskap, jordbundenskap, jáleskap, kameratskap, kandidatskap, kjettringskap, kjennskap, kjettarskap, kjælenskap, klokskap, knusleskap, kommandantskap, kompaniskap, kunn-skap, kåtskap, larveskap, latskap, leiarskap, leiskap, lidenskap, likskap, liveigenskap, lurskap, låkskap, mannskap, medlemskap, meisterskap, mild-skap, modenskap, mog(e)legskap, mogenskap, morskap, mågskap, naken-skap, narreskap, nauteskap, nordmannskap, partnarskap, prakkarskap, pålitelegskap, rakkarskap, rangskap, reiskap, reiugskap, rekneskap, rotenskap, ráskap, sedskap, sedugskap, sjølvrådigskap, skaldskap, skeivskap, skyldskap, slektskap, slurveskap, sluskeskap, sløgskap, smidigskap, småleg-skap, snarrådigskap, snillskap, snobbeskap, staskap, surskap, syndigskap, syskenskap, sisterskap, tjodskap, tjuvskap, toskeskap, traveskap, trollskap, truskap, trúskap, trøyskap, tulleskap, tusseskap, tverrskap, tydskap, ujamn-skap, ukjureskap, umannskap, umyndigskap, ureinskap, utlendingskap, utoe-skap, utoligskap, uvettingskap, uvitingskap, uvørdschap, varigskap, veideskap, veikskap, velborenskap, vennskap, vesalskap, vettigskap, vettugskap, viktigskap, viljugskap, villigskap, villmannskap, villskap, vingleskap, vitig-skap, vitskap, vitugskap, vondskap, vrangskap, väeskap, ymisskap, ærleg-skap, ærugskap, åbrysak

n(#15): ekteskap, fangenskap, forstandarskap, gesandtskap, grevskap, herskap, interessentskap, landskap, mannskap, presteskap, regentskap, representantskap, selskap, slarveskap, vertskap

m./n.(#13): adelskap, borgarskap, brorskap, fadderskap, farskap, fellesskap, formannskap, granneskap, mo(de)rskap, naboskap, presidentskap, riddarskap, svangerskap

## 5. Analyse

### 5.1. Frå einskap til ulikskap?

Oversikt 4 tyder på at avleiringane på *-skap* opphavleg har vore m. Etter Fritzner (1973) finst det i gno. 76 usamansette substantiv på *-skap*, og dei er alle m. I periode II får vi atskilleg større spreiing m.o.t. genus. Av totalt 67 ord på *-skap* i det gsv. materialet er 41 m. (61%), 15 n. (22%) og 11 m./n. (16%). Ei liknande fordeling i % viser tala i det mno. materialet:

18 m. (58%), 6 n. (19%) og 7 m./n. (23%). For gda. er materialet mangelfullt. Med RO som grunnlag har eg berre funne nokre få døme på *-skap* i Kalkar (1881–1918), og genustilhøvet blir da dette: 6 m. (29%), 7 n. (33%) og 8 m./n. (38%). På veg til moderne skand. har det nøytrale genuset styrkt stillinga si og representerer i dag i både svensk, med 43 oppslagsord (65%), og dansk, med 63 oppslagsord (75%), det mest prominente genuset hos orda på *-skap*. Eit påfallande trekk er dei mange dobbelgenusa i nyno. og bm. I nokre tilfelle kan ordet ha to tydingar slik at kvar tyding får tilordna sitt eige genus. Hos dei orda der det ikkje finst nokon tydingsskilnad mellom m. og n., har eg undersøkt genusbruken i Oslo-korpuset. Resultatet går fram av oversikt 11 og 12.

### Oversikt 11: Frekvens til ord på *-skap* med dobbelgenus i Oslo-korpuset (bokmålsdelen)

beredskap (#m:217, #n:86), djevelskap (#m:7, #n:1), faenskap (#m:2, #n:2), fandenskap (#m:1, #n:2), farskap (#m:1, #n:32), fiendskap (#m:1, #n:6), granneskap (#m:0, #n:0), hedenskap (#m:3, #n:1), hjonskap (#m:0, #n:0), jævelskap (#m:1, #n:0), kjennskap (#m:47, #n:61), redskap (#m:42, #n:229), skyldskap (#m:0, #n:0), slektskap (#m:1, #n:33), trollskap (#m:1, #n:0), tulleskap (#m:0, #n:0), tusseskap (#m:0, #n:0), vennskap (#m:0, #n:107)

### Oversikt 12: Frekvens til ord på *-skap* med dobbelgenus i Oslo-korpuset (nynorskdelen)

fadderskap (#m:0, #n:0), farskap (#m:73, #n:4), fellesskap (#m:0, #n:2), granneskap (#m:0, #n:0), moderskap (#m:0, #n:0), naboskap (#m:0, #n:5), svanger-skap (#m:0, #n:12)

Stort sett dominerer det eine genuset, men særleg i bm. finn vi ein del vakling hos desse orda: *beredskap*, *kjennskap* og *redskap*. Tabell 1 gir eit diakront oversyn over dei kvantitative genustilhøva ved substantiv på *-skap* i skandinavisk.

Tabell 1: Genustilhøvet ved skand. substantiv på *-skap* i tal og prosent

språk	#m	#n	#m/n	#total	%m	%n	%m/n	%total
gno.	76	0	0	76	100%	0%	0%	100%
gsv.	41	15	11	67	61%	22%	16%	100%
mno.	18	6	7	31	58%	19%	23%	100%
nyno.	212	15	13	240	88%	6%	6%	100%
bm.	31	42	20	93	33%	45%	22%	100%
svensk	21	43	2	66	32%	65%	3%	100%
dansk	19	63	2	84	23%	75%	2%	100%

Vi kan slå fast at det er nøytrale substantiv på *-skap* alt i periode II. Dei tidlegaste belegga i gsv. er frå ca. 1300. Dei nøytrale orda på *-skap* som eg har funne i DN, er derimot av noko yngre dato. Av i alt 181 ordformer er berre 6 n. (3%) frå tida før 1500, medan vi etter 1500 finn 46 belagde n. (25%). Hos einstaka ord er overgangen frå m. til n. særleg tydeleg. Tabell 2 viser overgangen ved ordet *vennskap* i mno., og i tabell 3 ser vi same prosess ca. 120 år tidlegare ved ordet *budskap* i gsv. Kjeldetilvisingane er dei same som er nytta i dei to korpusa (sjå DN og Källtext).

Tabell 2: *Overgangen frå m. til n. ved ordet vennskap i DN*

tilslagord	kontekst	genus	år	stad	kjelde	side
vinskapp	ok allan annan <b>vinskapp</b>	m	1340	Bergen	b.8 nr.125	137
vinskap	eptir minum <b>vinskap</b>	m	1370	Hamar	b.4 nr.493	374
vinskaper	kærlæike ok <b>venskaper</b> aukaz	m	1422	Sande	b.1 nr.682	490
winskap	i sin <b>winskap</b> ok kiærligheyt	m	1437	Oslo	b.2 nr.727	546
wenskap	eet got ok stadigheit <b>wenskap</b>	n	1448	Oslo	b.6 nr.529	559
vennskaff	eth gott bestandndigt och troffast <b>vennskaff</b>	n	1533	Loppen	b.10 nr.653	697
wenskap	eitt gott och [yh: Oracio] cristelicett <b>wenskap</b>	n	1535	Oslo	b.12 nr.556	682
venskab	eth fasth och trygdt <b>venskab</b>	n	1535	Oslo	b.8 nr.732	779
wenskab	gott <b>wenskab</b>	n	1552	Akershus	b.4 nr.1131	832


Tabell 3: *Overgangen frå m. til n. ved ordet budskap i Källtext*

tilslagsord	kontekst	genus	år	kjelde
budskap	medh liuff <b>budskap</b> sin	m	ca. 1308	fred114
budshskapir	israels <b>budhskapir</b> til thin	m	ca. 1330	mose316
budskap	gudeliken <b>budskap</b>	m	ca. 1330	mose183
budskap	sighir til thaenna <b>budskap</b>	m	ca. 1330	mose194
budskap	Thaenna <b>budskap</b>	m	ca. 1330	mose236
budskap	mz thaenna <b>budskap</b>	m	ca. 1330	mose318
budskapit	Nw ær <b>budskapit</b> atirkommitt	n	ca. 1330	mose173
budhskap	jak nämpnde thiik mit <b>budhskap</b>	n	ca. 1360	bir1333
budskap	gaa mit <b>budskap</b>	n	ca. 1360	bir3083
budhskap	sände mit <b>budhskap</b>	n	ca. 1360	bir3420
budhskap	sände mit <b>budhskap</b>	n	ca. 1360	bir4380

I DN er ordet *budskap* gjennomgående m. Det ser ut til at tidfestinga av dei nøytrale avleiringane på *-skap* i mno. og gsv. (gda.) styrkjer hypotesen til Beito (1954:70) om at det nøytrale genuset allereie tidleg i periode II har ei sterkare stode i gsv. og gda. enn i mno. Her kan vi òg leggje merke til danske former, t.d. *venskab* og *vennskaff*, som finst i DN (jf. Skautrup 1947:184). Det verkar rimeleg å rekne med påverknad frå dansk og svensk (Beito 1954:70). Genustilhøvet i moderne skand. peiker òg i den lei. Når vi jamfører orda på *-skap* som finst i alle dei skand. språka, ser vi at dei orda som har nøytralt eller dobbelgenus (m./n.) i nyno. og bm.,

også er n. (eller m./n.) i svensk og dansk. Denne regelen gjeld utan unntak for dansk, medan svensk vik av med følgjande seks ord som er m.: *beredskap, fiendskap, fångenskap, livegenskap, räkenskap* og *vänskap* (jf. tabell 5 i vedlegget). I nynorsk er -*skap* framleis produktivt. Dei fleste oppslagsorda på -*skap* i Norsk Ordbok er m. og har eit adjektiv som avleatingsbase. I svensk og dansk er det nøytrale genuset mest frekvent, men suffikset er langt mindre produktivt enn i nynorsk. Ei mogleg årsak til dette er konkurrerande suffiks som t.d. -*dom/-het* i svensk og -*hedl/-else* i dansk. Når det gjeld fordelinga mellom m. og n., står bm. i ei mellomstilling. Biletet kan skjematiserast slik:

Diagram 1: Genustilhøvet ved skand. substantiv på -skap (skjematiske)



### 5.2. Frå morfologi til semantikk?

Dei skandinaviske orda på -*skap* har opphavleg vore m. Det maskuline genuset var da markert med endingen -r, og vi kan seie at substantiv på -*skapr* fekk genuset sitt etter ein morfologisk tilordningsregel. Gjennom reduksjonen av formverket mista desse substantiva genusmarkøren -r og fell i sg. formelt saman med sterke n. Det ser ut til at bortfallet av -r gir opphav til ei semantisk differensiering mellom m. og n., dvs. at eit ord får tilordna genuset sitt m.o.t. innhald og ikkje form. Morfologisk tilordning blir altså stegvis erstattat av semantisk tilordning (jf. Corbett 1991:102). Materialalet frå og med periode II underbyggjer hypotesen om at det ved substantiv på -*skap* finst ein tilhug til tydingsdifferensiering slik at m. har abstrakt og n. konkret, ofte kollektiv, tyding (jf. Beito 1976:18). Det er

her snakk om ein tendens, og dei semantiske genustilordningsreglane kan ikkje seiast å vere klåre (jf. kapittel 3.2). I nyno. er tendensen til tydingsdifferensiering sterkest. Hovudmønsteret her er at abstrakte avleiningar på *-skap* er m. (t.d. *djervskap*, *dumskap*), medan konkrete/kollektive er n. (t.d. *mannskap*, *selskap*). Dei maskuline orda tyder oftast ‘det å vere/gjere/ha det som avleatingsbasen refererer til’. Tabell 4 gir eit kvantitativt oversyn over tydingstilhøvet ved avleiningar på *-skap* i nyno.

Tabell 4: *Tydingsdifferensiering ved avleiningar på -skap i nyno.*

Av *-skap*-orda med abstrakt tyding er størsteparten m. (211; 96%), medan

<b>tyding / genus</b>	<b>#m</b>	<b>#n</b>	<b>#m/n</b>	<b>#total</b>	<b>% m</b>	<b>% n</b>	<b>% m/n</b>	<b>% total</b>
<b>abstrakt</b>	211	1	8	220	96%	0%	4%	100%
<b>konkret/kollektiv</b>	9	19	4	32	28%	59%	13%	100%

dei fleste konkrete/kollektive (19; 59%) er n. Tydingsdifferenseringa kjem klårast til uttrykk ved ord som kan vere både m. og n., men der det nøytrale ordet har konkret/kollektiv og det maskuline abstrakt tyding, t.d. *riddarskap* (m.) ‘det å vere riddar; dugleik som riddar; omsyn, høvisk framferd’ i motsetning til *riddarskap* (n.) ‘riddarstand’ (sjå NOB:sub verbo). Blant dei maskuline orda er dei abstrakte utan tvil dominerande. Det finst rett nok nokre maskuline avleiningar på *-skap* som er konkrete/kollektive, men her dreier det seg om ein reliktigategori; stoda til m. blir her styrkt av at m. har vore det opphavlege genuset for alle ord på *-skap* og kan sjåast på som defaultgenus i nyno. (jf. Trosterud 2001).


Dateringa av belegga på *-skap* i skand. indikerer at den omtalte tydingsdifferensieringa først oppstår i dansk og svensk. Innovasjonen spreier seg deretter til norsk. Det er omdiskutert kva rolle innsiget av mlty. lånord har hatt. Det er påtakleg at dei mlty. orda på *-skap* i større grad har kollektivt og/eller konkret innhald. Dei gamle maskuline avleiningane på *-skap* i skand. uttrykkjer ofte ein abstrakt eigenskap ved personar og ting. Vi veit ikkje om tydingsdifferensieringa mellom m. og n. startar før språkkontakten mellom skand. og mlty. tek til for alvor. Etter alt å dømme har dei mlty. lånorda vore med på å etablere ein klårare tydingsskilnad blant dei skand. avleiningane på *-skap*. Ut frå dei mlty. orda på *-skap* (som alle er f.) verkar det ikkje opplagt at dei kollektive/abstrakte orda i skand. får tildelt nøytralt genus. Det nøytrale genuset bør heller forklarast ved den formelle likskapen mellom suffikset og dei sterke n. i sg. eller ved analogi med skylde ord (jf. 3.2). Den auka

frekvensen til dei nøytrale orda ser i alle fall ut til å ha styrkt posisjonen til n. I dag liknar dei maskuline substantiva på *-skap* i dansk og svensk på mange måtar på ein reliktkategori. Skautrup (1968:257) gir nokre døme på avleiringar som blei danna i nyaste dansk. Dei er alle n. Eit tilsvaranande bilet teiknar Thorell (1981:113) for svensk, der berre ein del nøytrale nyord vitnar om ein viss produktivitet. I nyno. har det maskuline genuset framleis ei sterkt stode, medan bm. står i ei mellomposisjon.

Den svake stillinga til n. i dansk, svensk og bm. opnar òg for ei meir radikal tolking i lys av hypotesen til Steinmetz om “The Great Gender Shift”. Steinmetz (2001) tek utgangspunkt i at n. er defaultgenus i urnord. og norr. Ord som sluttar på *-R/-r* er m. I norr. er såleis alle belagde ord på *-skapr* m. Men vi kan òg tenkje oss at det (i tillegg) finst ein underliggjande semantisk motivasjon for at desse orda er m. Det vil seie at dei har ein markert semantisk status i høve til ord med defaultgenus. Likevel er det rimeleg å rekne med at *-r* fungerer som det mest synlege genusmerket. Når *-r* byrjar å falle bort, blir ikkje lenger den semantiske særstillinga til ord på *-skap* morfologisk markert. Ein måte å halde særstatusen deira ved lag på, er å “få” dei til å bli n., som no skil seg ut frå det nye defaultgenuset m. Spørsmålet som derfor trengjer seg på, er om biletet eg skisserte for den diakrone utviklinga av genustilhøvet ved avleiringar på *-skap*, vitnar om ein større inversjonsprosess der ord på *-skap* frå å vere einast m. går over til å vere berre n. I ein tenkt sluttfase av inversjonsprosessen får altså avleiringar på *-skap* markert den semantiske særstillinga si ved at dei har eit markert genus, nemleg n. Det er mogleg at desse orda i ein slik situasjon på nytt får tildelt genuset sitt ved ein morfologisk tilordningsregel som seier at avleiringar som sluttar på *-skap* er n. Dersom desse noko spekulative funderingane har noko føre seg, er det tale om ein langvarig språkendringsprosess. Dei to ytterpunktene i denne prosessen blir danna av kvart sitt einskaplege genussystem, illustrert i diagram 2.

I byrjinga, dvs. fram til ca. år 1000, har avleiringar på *-skapr* det markerte genuset m. og utgjer ei semantisk særgruppe i høve til ord med defaultgenus n. (system A). På eit mogleg sluttstadium i endringsprosessen har ord på *-skap* framleis/att ein semantisk særstatus. Denne særstillinga blir, som i system A, framheva ved at desse orda får eit markert genus. I motsetnad til system A har det nye systemet B m. som defaultgenus, og det markerte genuset til *-skap*-orda er no n. Dersom vi vel å sjå på den diakrone utviklinga av genustilhøvet ved skand. substantiv på *-skap* på bakgrunn av ein større inversjonsprosess i genussystemet

Diagram 2: *Inversjon av defaultgenus frå n. til m. og -skap frå m. til n. (skjematisk)*



i dei einskilde språka (jf. Steinmetz 2001), kan vi konkludere med at ei slik omkalfatring tek svært lang tid. Denne konklusjonen er òg delvis i samsvar med observasjonen til Trosterud (2001:53) om at “The Great Gender Shift” ikkje kan seiast å vere fullført i nynorsk før mot 1900. Som tala i kapittel 4 indikerer, kan ord på *-skap* vere eit døme på at omlegginga av genussystemet ennå ikkje er heilt avslutta på nokre område. Om vi går ut frå at hierarkiskiftet frå n. >> m. til m. >> n. har (hatt) vidfemnande konsekvensar for heile genussystemet, er det naturleg at genussystemet i nokre delar av språket framleis held på å bli justert.

I ein større samanheng gir det såleis meining å tolke det noko uklåre biletet av genustilhøvet ved substantiv på *-skap* i periodane II og III som ein langvarig endringsprosess ikkje frå einskap til ulikskap, men frå einskap (ord på *-skapr* er m.) til ny einskap (ord på *-skap* er n.). Den stadig sterke stoda til det maskuline genuset i nynorsk gjer likevel at eg held fast ved tittelen på denne artikkelen, om enn med eit stort spørjeteikn.

## 6. Oppsummering

Suffikset *-skap* i skand. er belagt frå norr. tid. Substantiv på *-skap* har opphavleg vore m. På den tida er det maskuline genuset morfologisk markert med *-r*, og orda på *-skapr* får genuset sitt etter ein morfologisk tilordningsregel. Frå og med ca. 1100 fell genusemarkøren *-r* bort i alle skand. språk, og vi får dei første belegga på nøytralt genus. Denne reduksjonen av formverket gir opphav til ei tydingsdifferensiering ved ord på *-skap*. Dei morfologiske genustilordningsreglane blir avløyste av semantiske. Sjølv om det ikkje finst noko klårt skilje mellom dei semantiske kriteria for m. og n., kan vi t.d. i nynorsk sjå ein tendens til tydingsdiffer-

ensiering slik at abstrakte ord ofte er m., medan konkrete/kollektive er n. Tidfestinga av belegga tilseier at utviklinga startar i gsv. og gda., der det nøytrale genuset allereie tidleg får rotfeste. Innovasjonen spreier seg så vidare til norsk. I nyno. har maskuline substantiv på *-skap* framleis ei sterk stode. Dei er meir marginale i svensk og dansk, der n. dominerer. Bokmål står i ein mellomposisjon. Den svake stillinga til m. i svensk og dansk (og delvis bm.) og utviklinga til eit nytt defaultgenus (m.) gjer det òg mogleg å sjå på endringane i genustilhøvet ved ord på *-skap* som ein del av ein større inversjonsprosess, der desse orda skiftar genus frå m. til n., som begge utgjer eit markert genus i kvart sitt system. Den semantiske særstatusen til *-skap* blir på den måten halden ved lag.

## Notar

1. Takk til Trond Trosterud for nyttige råd og rettleiing under arbeidet med denne artikkelen. Takk også til redaktøren og konsulentane i NLT for kritikk og framlegg om forbetringer.
2. Omgrepet *skandinavisk* er her nytta på line med engelsk “Mainland Scandinavian” og femner om språka dansk, svensk og norsk.
3. Eg har nytta termen *maskulinum* også for moderne dansk og svensk i staden for dei allment brukte nemningane *felleskjøn* og *utrum*.
4. Denne definisjonen av genus er ikkje uproblematisk og atskilleg meir omdiskutert enn eg gir uttrykk for her. For ytterlegare drøfting jf. t.d. Enger (2001:164–166).
5. I nokre grammatikkar blir det rett nok gjort nokre generaliseringar over genustilhøvet ved einskilde substantiv(grupper), men emnet blir ikkje drøfta på systematisk vis. For nokre døme sjå Trosterud (2001:30–32) og Enger (2001:166f.).
6. På denne bakgrunnen kunne ein vente seg at genuset til norr./gno. *skap* skulle kunne påverke genustilhøvet ved *-skap* i gno. på eit meir framtredande vis enn ordet *skap* i gsv.
7. Takk til dei som har hjelpt til med å trekke ut orda på *-skap* or dei ulike ordbökene, og som har gitt meg tilgang til orda i elektronisk form: Håkan Nygren (SOB), Trond Trosterud (Fritzner 1973), Boye Wangensteen (BOB) og Dagfinn Worren (NOB). Hjelpa deira har gjort det mykje enklare å handsame materialet.

## Litteratur

- Beito, O.T. 1954: *Genusskifte i nynorsk*. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademi.
- Beito, O.T. 1976: Zum Wechsel des Nominalgeschlechtes in den nordischen

- Sprachen. Eine kurze Übersicht. *Zeitschrift für Dialektologie und Linguistik* 43, 11–21.
- BOB: *Bokmålsordboka. Definisjons- og rettskrivningsordbok*. M.I. Landrø & B. Wangensteen (red.). 2. utgave. Oslo: Universitetsforlaget, 1993.
- Brøndum-Nielsen, J. 1966: *Gammeldansk grammatik i sproghistorisk fremstilling. III: Substantivernes deklination*. 2. København: J.H. Schultz Forlag.
- Cederschiöld, W. 1913: Studier över genusväxlingen i fornvästnordiska och fornsvenska. Göteborg: Wettergren & Kerber.
- Corbett, G.G. 1991: *Gender*. Cambridge: Cambridge University Press.
- DN: *Diplomatarium Norvegicum*. Dokumentasjonsprosjeket [www]. Henta fra <[http://www.dokpro.uio.no/dipl\\_norv/om\\_dn.html](http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/om_dn.html)> i oktober 2002.
- Enger, H.-O. 2001: Genus i norsk bør granskes grundigere. *Norsk Lingvis-tisk Tidsskrift* 19, 163–183.
- EWD: *Etymologisches Wörterbuch des Deutschen. Q-Z*. W. Pfeifer (red.). Berlin: Akademie-Verlag, 1989.
- Fritzner, J. 1973: *Ordbog over det gamle norske Sprog*. Omarb., forøget og forbedret udg. Oslo: Universitetsforlaget [4. utg.]
- Haugen, E. 1984: *Die skandinavischen Sprachen. Eine Einführung in ihre Geschichte*. Hamburg: Helmut Buske Verlag.
- Kalkar, O. 1881–1918: *Ordbog til det ældre danske Sprog*. [København]: Universitets-jubilæets danske Samfund.
- Källtext. Språkbanken vid Göteborgs Universitet [www]. Henta fra <<http://spraakbanken.gu.se/lb/konk/>> i oktober 2002.
- Lexer, M. 1970 [1872–1878]: *Mittelhochdeutsches Handwörterbuch*. Stuttgart: S. Hirzel Verlag.
- Meineke, B. 1991: *Althochdeutsche scaf(t)-Bildungen*. Göttingen: Vandenhoeck und Ruprecht.
- MNW: Schiller, K. & A. Lübben 1995 [1880]: *Mittelniederdeutsches Wörterbuch*. Vaduz: Sändig Reprints Verlag.
- NO: Heggstad, L., F. Hødnebø & E. Simensen 1997: *Norrøn Ordbok*. 4. utg. Oslo: Samlaget.
- NOB: *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivningsordbok*. M. Hovdenak, L. Killingbergtrø, A. Lauvhjell, S. Nordlie, M. Rommetveit & D. Worren (red.). 3. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget, 2001.
- NRG: Faarlund, J.T., S. Lie & K.I. Vannebo 1997: *Norsk referanse-grammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- ODS: *Ordbog over det danske Sprog. 19. bind. Sjagger – Skæppevis*.

- Udgivet af det danske Sprog- og Litteraturselskab. København: Gyldendal, 1940.
- Olson, E. 1916: *De appellativa substantivens bildning i fornsvenskan. Bidrag till den fornsvenska ordbildningsläran*. Lund: C.W.K. Gleerups Förlag.
- Oslo-korpuset av tagga norske tekstar*. Tekstlaboratoriet ved Historisk-filosofisk fakultet, Universitetet i Oslo [www]. Henta frå: <<http://www.hf.uio.no/tekstlab/>> i oktober 2002.
- Pettersson, G. 1996: *Svenska språket under sjuhundra år. En historia om svenska och dess utforskande*. Lund: Studentlitteratur.
- RO: *Retskrivningsordbogen på nettet*. 3. udgave. Dansk Sprognævn [www], 1996-2002. Henta frå: <<http://www.dsn.dk/cgi-bin/ordbog/ronet>> 18. oktober 2002.
- Schmidt, W. 1996: *Geschichte der deutschen Sprache*. 7. Auflage. Stuttgart/Leipzig: S. Hirzel Verlag.
- Skard, V. 1973: *Norsk språkhistorie. Bind 1: Til 1523*. 2. utgave. Oslo /Bergen/Tromsø: Universitetsforlaget.
- Skastrup, P. 1944: *Det danske sprogs historie. Første bind: Fra Guldhornene til Jyske lov*. København: Gyldendal.
- Skastrup, P. 1947: *Det danske sprogs historie. Andet bind: Fra Unionsbrevet til Danske lov*. København: Gyldendal.
- Skastrup, P. 1953: *Det danske sprogs historie. Tredje bind: Fra Holbergs komedier til H. C. Andersens eventyr*. København: Gyldendal.
- Skastrup, P. 1968: *Det danske sprogs historie. Fjerde bind: Fra J. P. Jacobsen til Johs. V. Jensen*. København: Gyldendal.
- SOB: *Svensk ordbok*. Tredje upplagan. Utarbetad vid Språkdata, Göteborgs universitet. [Stockholm]: Nordstedts ordbok, 1999.
- Steinmetz, D. 2001: The Great Gender Shift and the attrition of neuter nouns in West Germanic: The example of German. Rauch, I. & G.F. Carr (eds.): *New insights in Germanic Linguistics II*. New York: Peter Lang, 201-24.
- Söderwall, K.F. 1884-1918: *Ordbok öfver Svenska Medeltidsspråket*. Språkdata, Institutionen för svenska språket, Göteborgs universitet [www]. Henta frå <<http://spraakdata.gu.se/sdw/>> i oktober 2002.
- Thorell, O. 1981: *Svensk ordbildningslära*. [Stockholm]: Esselte studium.
- Trosterud, T. 2001: Genustilordning i norsk er regelstyrt. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 19, 29-58.
- Wehna, J. 1980: On gender change in linguistic borrowing (Old English).

- Fisiak, J. (ed.): *Historical Morphology*. The Hague: Mouton, 388–420.
- Wessén, E. 1951: *Svensk språkhistoria I: Ljudlära och ordböjningslära*. Stockholm: Filologiska föreningen vid Stockholms högskola.
- Wilmanns, W. 1930: *Deutsche Grammatik. Gotisch, Alt-, Mittel- und Neuhochdeutsch. Zweite Abteilung: Wortbildung*. Berlin/Leipzig: Walter de Gruyter & Co.

## Summary

The starting point for this article has been Hans-Olav Enger's (2001) encouragement to further investigation into the category of "grammatical gender" in Norwegian. After an overview of some central gender theories an inquiry into the grammatical gender of *-skap* derivatives in Scandinavian is given. These words can be both masculine and neuter in Danish, Swedish and Norwegian. Section 3 accounts for the origin of the suffix *-skap* and its grammatical gender based on established research. Section 4 provides a quantitative survey of the derivatives from 800 until today. The material is analysed in section 5. The results show that the masculine has lost its originally predominant position in all Scandinavian apart from Nynorsk. Furthermore the figures suggest a shift from morphological towards semantical gender assignment after the loss of the masculine word marker *-r*. The paper proposes explanations for the diachronic development as well as the comparative picture in Scandinavian.

Philipp Conzett  
Universitetet i Tromsø  
Det humanistiske fakultet  
NO-9037 Tromsø  
conzett@student.uit.no

## Vedlegg

Tabell 5: *Ord på -skap i nynorsk med tilsvarende ord i bokmål, svensk og dansk*

NOB oppslagsord	NOB gen1	NOB gen2	BOB oppslagsord	BOB gen1	BOB gen2	SOB oppslagsord	SOB gen1	SOB gen2	RO oppslagsord	RO gen1	RO gen2
adelskap	m	n	adelskap	m	n	adelskap	n		adelskab	n	
arrigskap	m		arrigskap	m					arrigskab	m	
bannskap	m		bannskap	m							
beredskap	m		beredskap	m	n	beredskap	m		beredskab	n	
budskap	m		budskap	n		budskap	n		budskab	n	
borgerskap	m	n	borgerskap	n		borgerskap	n		borgerskab	n	
brorskap	m	n	brorskap	m	n	broderskap	n		broderskab	n	
buskap	m		buskap	m		boskap	m				
børnskap	m		børnskap	m							
djervskap	m		djervskap	m							
djevelskap	m		djevelskap	m	n	djævulskap	n	m	djævelskab	m	n
døvenskap	m		døvenskap	m					døvenskab	m	
drukkenskap	m		drukkenskap	m		dryckenskap	m		drukkenskab	m	
dårskap	m		dårskap	m		dårskap	m		dårskab	m	
edruskap	m		edruskap	m							
eigarskap	m		eierskap	n					ejerskab	n	
eigenskap	m		egenskap	m		egenskap	m		egenskab	m	
ekteskap	n		ekteskap	n		äktenskap	n		ægteskab	n	
endskap	m		endskap	m							
fadderskap	m	n	fadderskap	n					fadderskab	n	
faenskap	m		faenskap	m	n	fanskap	n				
fandenskap	m		fandenskap	m	n						
fangenskap	n		fangenskap	n		fångenskap	m		fangenskab	n	
farskap	m	n	farskap	m	n	faderskap	n		faderskab	n	
fellesskap	m	n	fellesskap	n					fællesskab	n	
fiendskap	m		fiendskap	m	n	fiendskap	m		fjendskab	n	
forfatterskap	m		forfatterskap	n		författarskap	n		forfatterskab	n	
formannskap	m	n	formannskap	n					formandskab	n	
formyndarskap	m		formyndarskap	n		förmynanderskap	n		formynderskab	n	
forstandarskap	n		forstandarskap	n							
frendskap	m					frändskap	m				
fullskap	m								fuldkab	m	
fylgeskap	m								følgeskab	n	
førarskap	m								førerskab	n	
galenskap	m		galenskap	m		galenskap	m		galskab	m	
gesandtskap	n		gesandtskap	n					gesandtskab	n	
granneskap	m	n	granneskap	m	n	grannskap	n				
grevskap	n		grevskap	n		grevska	n		grevskab	n	
heidenskap	m		heidenskap	m	n				hedenskab	m	n
heilskap	m		heilskap	m							
herskap	n		herskap	n		herrskap	n		herskab	n	
hjonskap	m		hjonskap	m	n						
hollskap	m								huldkab	m	
interessentskap	n		interessentskap	n					interessentskab	n	
kameratskap	m		kameratskap	n		kamratskap	n		kammeratskab	n	
kjennskap	m		kjennskap	m	n				kendskab	n	
klokskap	m		klokskap	m					klogskab	m	
kommandantskap	m		kommandantskap	n					kommandantskab	n	
kompaniskap	m		kompaniskap	n					kompagniskab	n	

kunnskap	m	kunnskap	m	kunnskap	m	kundskab	m	
landskap	n	landskap	n	landskap	n	landskab	n	
latsskap	m	latsskap	m					
leiarskap	m	leiderskap	n	ledarskap	n	lederskab	n	
lidenskap	m	lidenskap	m			lidenskab	m	
liksskap	m	liksskap	m					
livegenskap	m	livegenskap	n	livegenskap	m	livegenskab	n	
mannskap	n	mannskap	n	manskap	n	mandskab	n	
medlemskap	m	medlemskap	n	medlemskap	n	medlemskab	n	
meisterskap	m	mesterskap	n	mästerskap	n	mesterskab	n	
moderskap	m	n	moderskap	n	moderskap	n	moderskab	n
morskap	m	morskap	m			morskab	m	
mågskap	m	mågskap	m					
naboskap	m	n	naboskap	n		naboskab	n	
partnarskap	m	partnerskap	n	partnerskap	n	partnerskab	n	
presidentskap	m	n	presidentskap	n		præsidentskab	n	
presteskap	n	presteskap	n	prästerskap	n	præsteskab	n	
regentskap	n	regentskap	n			regentskab	n	
reiskap	m	redskap	m	n	redskap	n	redskab	n
rekneskap	m	regnskap	n	räkenskap	m	regnskab	n	
representantskap	n	representantskap	n			repræsentantskab	n	
riddarskap	m	n		ridderskap	n	ridderskab	n	
rotenskap	m	rättenskap	m			råddenskab	m	
råskap	m	råskap	m					
selskap	n	selskap	n	sällskap	n	selskab	n	
skaldskap	m	skaldskap	m					
skyldskap	m	skyldskap	m	n				
slektskap	m	slektskap	m	n	släcktskap	m	n	
snobbeskap	m	snobbeskap	m					
svangerskap	m	n	svangerskap	n		svangerskab	n	
syskenskap	m			syskonskap	n			
systerskap	m			systerskap	n	søsterskab	n	
toskeskap	m	toskeskap	m					
trollskap	m	trollskap	m	n				
truskap	m	truskap	m			troskab	m	
tulleskap	m	tulleskap	m	n				
tusseskap	m	tusseskap	m	n				
uskap	n	uskap	n					
vennskap	m	vennskap	m	n	vänskap	m	venskab	n
vertskap	n	vertskap	n	värdschap	n	værtskab	n	
vettugskap	m	vettugskap	m					
villskap	m	villskap	m			vildskab	m	
vitskap	m	vitenskap	m	vetenskap	m	videnskab	m	
vondskap	m	vondskap	m			ondskab	m	